
Fra: Kusslid, Liv Astrid Nordheim <fmsflno@fylkesmannen.no>
Sendt: tirsdag 10. september 2019 15:23
Til: *FMVL Postmottak til alle kommunane 2019
Kopi: *FMVL Kommunetilsette jordbruk; Lars.Peter.Taule@bondelaget.no; Merete Støfring (merete.stofring@bondelaget.no); Haugsvær, Bjørn-Harald; Rekkedal, Christian; Vatshelle, Åshild Hjørnevik; Vatshelle, Øyvind; Knagenhjelm, Trude Knutzen
Emne: Regionalt miljøprogram søknadsomgangen 2019

Til landbruksforvaltninga i kommunane i Hordaland og i Sogn og Fjordane

Første søknadsomgang for nytt, felles regionalt miljøprogram for Hordaland og Sogn og Fjordane er no i gang, og søknadsfristen er 15.oktober. Som de nok er kjende med, har me samla relevant informasjon og rettleiingsmateriale både for søkarar og kommunar på vår nye tema-side for RMP, sjå www.fylkesmannen.no/vl/rmp

Alle som søkte produksjonstilskot i 2018 i dei to fylka har fått tilsendt info og lenke til tema-sida vår for RMP per SMS både i juni og no i starten av september. NB! Grunna nytt program må alle registreringar i kart i søknaden leggest inn på nytt i 2019, dette er bestemt frå nasjonalt hald. Registrering i kart kan vera utfordrande og tidkrevjande for mange, så me vil oppmoda dykk om å motivera søkarane i dykkar kommune om å koma tidleg i gang med søknaden.

Tips:

- Oppmod søkarane om å søka tidleg og om å nytta temasida vår for RMP (lenke over)
- I hovudfeltet på temasida for RMP ligg ei lenke per tilskotsordning (kortfatta men fullstending omtale). Oppmod søkarane om å lesa grundig om dei tilskotsordningane som kan vera aktuelle for dei ved bruk av desse lenkene
- I høgremargen på temasida finn de ein info-boks for kommunane og ein annan info-boks for søkarane
- Oppmod søkarane særskilt om å bruka rettleiingsvideoen for korleis søke som ligg i høgremargen i boksen for søkarane
- Arranger gjerne kurs/søkekveldar for søkarane. Bruk då gjerne presentasjonen/deler av presentasjonen som ligg i kommuneboksen + særskilt «korleis søke-videoen» i plenum før søkarane sjølve sit og søker i salen med rettleiing frå dykk

Spesifisering om tilskot til stølsdrift:

Me har fått spørsmål om ein søkar kan søka om tilskot for meir enn ein støl, og det kan vedkommande dersom drifta oppfyller vilkåra og det er snakk om to produksjonsanlegg, minst 6 veker stølsdrift på begge stølane og at beiteområda for dei to stølane ikkje er overlappande. Dersom nokon ynskjer å låne ut dyra sine til stølsdrift på andre sin støl, er det innanfor tilskotsordninga så lenge vilkåra er oppfylte. Det er då dyreeigar som skal søka om RMP-tilskot, og så vert det eit privat økonomisk oppgjær mellom dyreeigar og røktar på stølen i etterkant.

Organisert beitebruk:

Fylkesmannen kjem til å senda brev til alle beitelaga i starten av oktober med informasjon om endringane i vilkåra for driftstilskota til beitelaga gjennom RMP. Kommunane vert kopi-mottakarar av dette brevet. Søknadsfristen for Organisert beitebruk er 15.november.

Spørsmål:

Søkarane skal som hovudregel forholde seg til kommunen for hjelp og rettleiing. Kommunane kan kontakta Fylkesmannen for hjelp og rettleiing, og spørsmål til Landbruksdirektoratet skal gå gjennom Fylkesmannen. Fylkesmannen sine kontaktpersonar for RMP er:

- Åshild Hjørnevik Vatshelle, fmhoahj@fylkesmannen.no
- Liv Astrid Nordheim Kusslid (kontordagar måndag, tysdag, onsdag), fmsflno@fylkesmannen.no

Lukke til med søknadsomgangen 2019!

Med venleg helsing

Liv Astrid Nordheim Kusslid
seniorrådgjevar



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 57 64 30 87

E-post: fmsflno@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/vl